

GLOPPEN KOMMUNE



KOMMUNEPLANEN SIN SAMFUNNSDEL

GLOPPEN KOMMUNE 2018 - 2030

VEDTEKEN AV GLOPPEN KOMMUNESTYRE 28. FEBRUAR 2018

Forord - om å ta ein posisjon

Kva er det som gjer Gloppen til ein god stad å leve? Kva skal vi satse på fram mot 2030 for at vi skal vere ein attraktiv kommune å bu og arbeide i?

Vekst i folketal er avgjerande for å halde fram med ein teneste-produksjon av høg kvalitet.

Vi treng fleire hender i arbeid for å erstatte store årskull som går ut av arbeidslivet, og for å ta vare på dei som har gjort dagsverket sitt. Vi må finne nye måtar å arbeide på, og nye samarbeidsformar i møte med utfordringar i framtida.


Å ta ein posisjon er å sette ord på kva som er «sjela» i lokalsamfunnet vårt, samtidig som den viser retning for framtidig utvikling. Ein felles posisjon for lokalsamfunnet, skal utløyse utviklingskraft og hjelpe oss med kva tiltak vi skal prioritere.

«Vi» i denne planen er alle samsfunnsaktørane: Kvar og ein av oss, lag og organisasjonar, næringsliv og Gloppen kommune, - her under politikarar, administrasjon og dei ulike tenestene. Vi må dra i same retning om vi skal lukkast.

På dei neste sidene kan du lese kva for posisjon lokalsamfunnet Gloppen ønskjer å strekke seg etter fram mot 2030.


JAN KÅRE FURE, RÅDMANN


LEIDULF GLOPPESTAD, ORDFØRAR




Langsiktige føringar

Kommuneplan for Gloppen, med samfunnsdel og arealdel, er saman med økonomiplanen og årsbudsjetta kommunen sitt viktigaste styringsdokument. Den legg langsiktige føringar for kommunen si verksemd og tydeleggjer kva rolle Gloppen kommune skal ha i utviklinga av lokalsamfunnet, regionen og omverda.

Posisjon, framtidsmål og strategiar i planen skal vere førande for alle sektorar i kommunen, inklusiv prioritering i økonomiplan og budsjett.

Planen er utarbeida i samarbeid med representantar for næringsliv, frivillige organisasjonar og dei ulike einingane i kommunen, med utgangspunkt i «Helse og trivsel - kunnskapsgrunnlag for Gloppen», framtidsverkstader, kommunal planstrategi og vedtekne planar, samt regionale og nasjonale føringar.



Innhald

1.0 Forord - Om å ta ein posisjon	02
2.0 Ein rikare kvardag - midt i verda	05
2.1 Ein rikare kvardag	06
2.2 Midt i verda	09
2.3 Gloppesamfunnet i 2030	10
2.3.1 Rike og rause livsmiljø	11
2.3.2 Næring og arbeid	07
2.3.3 Klima, miljø og beredskap	12
3.0 Strategiar	08
3.1 I forkant – ein vår overordna strategi	08
3.1.1 Dette skal vi gjere i lag	09
3.1.2 Gloppen kommune skal	09
3.2 Rike og rause livsmiljø	11
3.2.1 Dette skal vi gjere i lag	11
3.2.2 Gloppen kommune skal	12
3.3 Næring og arbeid	18
3.3.1 Dette skal vi gjere i lag	20
3.3.2 Gloppen kommune skal	21
4.0 Veggen vidare	24
4.1 Viktige føringar for arealdelen	24
4.2 Kommuneplanen sin handlingsdel	26
4.3 Kommunedelplanar og temaplanar	27



Tenk å bu her ... jobbe der ...
... og kunne ta del i dette på fritida!





Ein rikare kvardag – midt i verda

Vi trur på ei framtid der distrikta ikkje er ein utkant. Fysiske avstandar betyr mindre, og vi kjem tettare på verda. Her kan du bu og arbeide eit digitalt steinkast frå verdas metropolar, og samstundes nyte store natur- og kulturopplevingar.



Foto frå høgre til venstre: Jan Kåre Fure (Holme i Hyen), Shutterstock (Barcode i Oslo), Edvin Hugvik (danseforestilling), Inger Haldis Aske Lothe (klatreparken på Byrkjelo) og Ronny Solheim (klatrevæggen i Trivselshallen).



2.1 Ein rikare kvardag

For nokon er det å sitje på biblioteket og lese avisa det som gjer kvardagen rikare, for andre er det å suse ned ei bratt fjellside på sykkel.

Gloppen kan by på nærleik til flott natur, fantastiske friluftsopplevingar, kortreiste matopplevingar, spennande næringsliv og arbeidsplassar, eit rikt idretts- og kulturliv, og ikkje minst dugnadsånd, nærleik og samhald mellom folk. Vi har difor tru på at vi kan by på ein kvardag som for mange er rikare enn den dei har i dag. Og vi skal heile tida strekke oss for å gjere kvardagane endå rikare for

dei som bur her.

Mangfald er eit kjenneteikn for aktivitetstilbodet i Gloppen. Stort engasjement i ei mengde ulike lag og organisasjonar gir eit breitt utval. Nokon vel å fordjupe seg i den spesielle hobbyen dei likar best, nokon engasjerer seg i fleire ulike, medan andre igjen testar ut stadig nye, spennande tilbod. Gloppen har vore blant dei fem beste kulturkommuna-




FOTO: RONNY SOLHEIM

ne i Norsk kulturindeks fire av dei seks siste åra. Noko av grunnen til det rike kulturlivet er det tette samspelet mellom profesjonelle og amatørar.

Vi har tilbod og arenaer langt utover det ein kan forvente i høve folketal, både når det gjeld idrett og kultur. Desse arenaene er viktige sosiale møteplassar for folk i alle aldrar. Å ta del i eit fellesskap gjer livet rikare.

Ikkje alle ynskjer å delta i like stor grad, og det skal kvar og ein få bestemme sjølv. Men når nokon ikkje deltek på dei ålmenne, sosiale arenaene så mykje som dei gjerne ville, kallast det «utanfor-skap». I Gloppen skal vi vere inviterande og inkluderande. Når vi er rause med kvarandre, blir vi rikare i lag.



2.2 Midt i verda

Å vere «midt i verda» handlar ikkje om å vere eit absolutt midtpunkt, eller å vere meir sentralt plassert enn alle andre stadar.

Det handlar om at Gloppen ikkje er ein utkant, men ein stad som er tett på omverda – anten det er snakk om Nordfjord, Sogn og Fjordane eller resten av verda.

Nordfjordregionen er eit attraktivt bu- og arbeidsområde som vi er stolte av å vere ein del av, og vi ønskjer å utvikle regionen vidare ilag med våre nabokommunar.

Nye teknologiar gjer det lettare å vere tett på verda – både i form av sosiale relasjonar og moglegheiter for karriere og næringsutvikling. Nye kommunika-



BEDRIFT I VERDSKLASSE. FOTO: **SVERRE HJØRNEVIK** / BRØDRENE AA

sjonsteknologiar vil i stadig større grad reduserer dei fysiske avstandane. Som kommune skal vi derfor ligge i forkant i å ta i bruk slike teknologiar. Du som drøyer om karriere ein annan stad i Norge eller i utlandet, eller ønskjer å levere produkt og tenester til marknader over heile verda, skal kunne gjere dette og samstundes bu i fantastiske omgjevnader, i ein rikare kvardag.

«Midt i verda» handlar også om haldningar. Vi skal la oss inspirere og engasjere av samfunnet rundt oss. Som samfunn skal vi vere ope, inviterande og inkluderande overfor både gjester og tilflyttarar. Vårt rike kulturliv, framtidretta næringsliv og sist, men ikkje minst våre nye innbyggjarar frå mange nasjonar, hentar verda inn til Gloppen og er med å utvikle samfunnet vårt.



2.3 Gloppesamfunnet i 2030

Posisjonen «Ein rikare kvardag – midt i verda» gir oss eit framtidsbilete av Gloppesamfunnet i 2030.

2.3.1 RIKE OG RAUSE LIVSMILJØ

- » Alle har ein kvardag der dei blir sett og rekna med, og får høve til å delta og bidra ut i frå sine føresetnader. Gloppen er eit inkluderande lokalsamfunn, som legg vekt på universell utforming i alle offentlege rom.
- » Vi har eit godt oppvekstmiljø, der barnehagar og skular har høg kvalitet.
- » Vi har gode helse- og omsorgstenester frå vogge til grav, som er berekraftige og forvaltar både menneskelege og økonomiske ressursar godt.
- » Innbyggjarar og tilreisande har tilgang til kulturtilbod av høg kvalitet. Gloppen held posisjonen som ein sentral kulturkommune i regionen, og er arrangør av regionale og nasjonale kultur- og idrettsarrangement.
- » Vi har nok bustader og variasjon i bustadmassen, både for sal og til utleige.
- » Vi har gode bumiljø både i Sandane og i bygdesentruma våre, med ulik grad av fellesskapsløysingar og møteplassar som skaper kontakt og samhald på tvers av alder og kultur.



BETALINGSAUTOMATEN TIL MELIN MEDICAL. FOTO: MELIN MEDICAL

2.3.2 NÆRING OG ARBEID

- » Kommunikasjonsteknologi, nærleik til flyplassen og god infrastruktur gjer det mogleg å bu i Gloppen og arbeide kor som helst i verda. Folk bur og flyttar hit til interessante arbeidsplassar i nærleik til store natur- og kulturopplevingar.
- » Gloppen kommune er ein moderne og attraktiv arbeidsgjevar som klarar å rekruttere, utvikle og helde på kompetente medarbeidarar som går på jobb for å yte gode tenester for innbyggjarane. Vi held fram med å ha eit lågt sjukefråvær.
- » Gloppen kommune arbeider tett med næringslivet for å oppretthalde og utvikle eksisterande arbeidsplassar.
- » Gloppen er kompositthovudstad i Norge, og er langt framme når det gjeld e-helse.
- » Landbruket er ei viktig næring i Gloppen. Næringa er innovativ, framtidsretta og driv klimasmart matproduksjon.
- » Kommunesenteret Sandane er kjent som ein attraktiv fjordlandsby, hjarte i kommunen, i eit nært samspel med aktive og livskraftige bygder og bygdesenter. Besøkande opplever eit lokalsamfunn som strekker seg litt ekstra, og føler seg velkomne.
- » Fjordlandsbyen Sandane er utvikla som ein berekraftige tettstad der det er teke klima- og miljøvennlege omsyn både når det gjeld bygningar og transportsystem. Der bur fleire folk i sentrum, og det er lagt til rette for ein aktiv og miljøvennleg livsstil der folk kan gå og sykle til sine daglege gjeremål. Sentrum har varierte butikkar, arbeidsplassar, inkluderande møteplassar og aktivitetstilbod som bidreg til eit levande sentrum.
- » Fjordlandsbyen Sandane tiltrekkjer seg besøkjande pga. sitt levande og trivelege sentrum og nære opplevingar som staden tilbyr. Det er lagt til rette for auka overnattingskapasitet og eit utvida tilbod for båtturistar.
- » Gloppen er kjent for eit reiseliv som tilbyr tilrettelagde naturbaserte aktivitetar og opplevingar, kortreist mat og nisjeprodukt, og der vi tydeleg formidlar vår historie og våre verdifulle kulturminne.
- » Næringslivet i Gloppen rekruterer mykje av kompetansen dei treng lokalt, og for å kompensere for manglande utdanningstilbod ved Firda vidaregåande skule samarbeider vi godt med dei yrkesfaglege utdanningsløpa ved Eid, Stryn og Mo og Øyrane vidaregåande skule.
- » Gjennom Nordfjordretdet jobbar vi for utvikling av Nordfjord som ein attraktiv bu- og arbeidsmarknadsregion, og profilering av kvalitetane regionen har å tilby. Regionen baserer si utvikling på ein fleirkjernestruktur med jamnbyrdige tettstader som forsterkar kvarandre. Elles er regionen kjent for spennande arbeidsplassar innan nye grønne næringar, at vi er gode på inkludering og har eit utdanningstilbod som møter næringslivet sitt behov for arbeidskraft.



JØRGEN DØLVIK HUSBYN PÅ ELSYKKEL. FOTO: JAN NIK. HANSEN / FIRDA TIDEND.

2.3.3 KLIMA, MILJØ OG BEREDSKAP

- » Gloppesamfunnet fokuserer på kva det grønne skifte opnar opp for, og tek klimaomsyn gjennom val av fornybar energi og miljøvennlege løysingar.
- » Sykkel er eit realistisk alternativ til bil for glopparar som ønskjer aktiv transport av omsyn til miljø og eiga helse.
- » Gloppen er eit trygt lokalsamfunn som avvergar kriser og uønska hendingar, og evnar å møte eit endra risikobilete. Når uønska hendingar likevel oppstår, er kommunen i stand til å handtere det på ein god måte. Gloppen har høg beredskap på eigenprodusert mat.



FOTO: ANDREAS EIKESETH NYGJERD

3.0. Strategiar

Med utgangspunkt i posisjonen «Ein rikare kvardag – midt i verda» og framtidsbileta våre har vi samla oss om tre hovudstrategiar. Den første – å vere i forkant - er ein overordna strategi. I det legg vi at den er generell og skal syne igjen i alt vi gjer. Dei to andre hovudstrategiane er meir konkrete med satsingar og tiltak. Desse er delt opp i kva ulike samfunnsaktørar i Gloppen skal gjere i lag og kva organisasjonen Gloppen kommune skal gjere.

3.1. I forkant – vår overordna strategi

Det å vere i forkant handlar om å ha ein utviklingskultur som fangar opp signal og tar fatt i det handlingsrommet som ligg i samfunnsendingane. Dette krev ein utviklingskultur basert på «samskaping», der kommunen, næringslivet og frivillige bringer kompetanse og ressursar i lag, og utviklar felles løysingar. Kopla til posisjonen «Ein rikare kvardag – midt i verda» betyr dette at vi skal legge til rette for samfunnsendingar som gir innbyggjarane våre ein så god kvardag som råd.

Som samfunn har vi ei plikt i høve klimaendingane, som er vår tids største globale utfordring. Klimatilpassing handlar om å redusere utslepp, men og om å vere i stand til å handtere dei endringane som kjem, gjennom arbeid med samfunnsikkerheit og beredskap. Langsiktig planlegging av arealbruken er ein føresetnad for god samfunnsutvikling. Samfunnsdelen

sine føringar for arealbruk er samla i kapittel 4.1.

Som tenesteytar er Gloppen kommune mangfaldig. Nokre tenester er tett på folk, andre arbeider med rammene for kvardagen vår. Felles for alle tenestene er eit mål om å vere i forkant, både i møte med den einskilde og på systemnivå. I det ligg å finne nye måtar å arbeide på, løysingar som er berekraftige i møte med utfordringar vi veit kjem i framtida, til dømes knytt til demografi og klima.

Gloppen kommune har over tid hatt fokus på tverrfagleg samarbeid og tidleg innsats. Innan oppvekst er det fokus på, og satsingar innanfor språk. Språket er sentralt for alle, både for å bli sett og forstått. Eit godt oppvekstmiljøet for barn og unge er sentralt for å skape trivsel og tilflytting. Barnehagar- og skular må strekkje seg for å henge med på den digitale utviklinga, vi må

ta opp i oss det «grøne skiftet» og fange trendar, samstundes som vi er ein stabil faktor i dei unge sitt liv.

Det har og gjennom mange år vore lagt vekt på at innbyggjarane skal få bu heime så lenge som råd, og i størst mogleg grad meistre kvardagen sin. Utviklingsarbeid i helse- og omsorg dei seinare åra har bygd, og skal framleis bygge, opp under dette prinsippet. Her kan vi nemne: tidleg innsats, førebygging, kvardagsrehabilitering, velferdsteknologi, ernæring og grøn omsorg. Dette noko som gjer at mange av dei tilsette har kompetanse som vil bli ein viktig ressurs i møte med utfordringar vi står ovanfor dei kommande åra. Det private næringslivet i kommunen er på fleire område leiande i utviklinga av helserelaterede produkt, tenester og behandling. Gjennom å vere i forkant leggje vi til rette for at folk i større grad kan ta ansvar for og meistre eige liv.



GODE SAMARBEIDSPARTNARAR. FOTO: SIV KVALSVIK HAUGEN

3.1.1. DETTE SKAL VI GJERE I LAG:

- Ta til oss impulsar frå omverda og samarbeide om å ta i bruk ny teknologi, både når det gjeld kompetansebygging og fasilitetar.
- Tilby gode og spennande arbeidsplassar, både private og offentlege, der dei tilsette har høve til å utvikle seg og ta i bruk ny kunnskap.

Gloppen kommune har som mål å vere eit trygt og robust lokalsamfunn som avverjar og overvinn uønskte hendingar med utgangspunkt i følgjande prinsipp:

- a. Nærleik:** Ei krise blir handtert på lavast mogleg nivå
- b. Likskap:** Organiseringa i ein krisesituasjon er mest mogleg lik den daglege organiseringa
- c. Ansvar:** Det mynde som har det daglege ansvaret, har òg ansvaret i ei eventuell krise

3.1.2. GLOPPEN KOMMUNE SKAL:

- Gripe fatt i utfordringar tidleg, før dei veks seg store – førebygging framfor å reparere.
- Jobbe breitt for å redusere sosial ulikskap i helse, særleg med tanke på barn og unges oppvekstvilkår.
- Styre kommuneøkonomien slik at vi kan handtere dei utfordringane kommunen og lokalsamfunnet står overfor.
- Utvikle ein tilpassingsdyktig organisasjon, som evner å møte utfordringar og behov på nye måtar. Planlegge langsiktig, og arbeide systematisk på tvers av fag og sektorar for å levere godt samordna tenester av høg kvalitet.
- Halde fram med å ta i bruk ny teknologi i utvikling av tenestene.
- Ta initiativ og vere ei drivkraft i samarbeidet mellom Nordfjordkommunane om å dele kunnskap og utvikle gode tenester.
- Sørge for at berekraftig utvikling vert eit overordna prinsipp i kommunen si planlegging og verksemd, og etterspørje miljøvennlege løysingar ved kjøp av varer og tenester.
- Jobbe systematisk med skade- og ulykkesførebygging på tvers av offentleg, privat og frivillig sektor. Halde fram med å vere godkjent som eit «Trygt lokalsamfunn».
- Ha fokus på beredskapsmessige omsyn og samfunnstryggleik i all planlegging, og ha gode system og rutinar for oppdatering av beredskapsplanen. Sikre at beredskapsarbeidet blir godt innarbeidd i organisasjonen, og eit godt samarbeid med andre offentlege og private aktørar.



«Vi vil gjerne bidra sjølve. Vere ein ressurs, vere aktive og hjelpe andre i Gloppesamfunnet. Vi vil vere med på dugnad, for å treffe folk og lære språket».

INNSPEL FRÅ ELEVAR VED GLOPPEN OPPLÆRINGSSENTER ETTER DUGNAD I TRIVSELSKOGEN.
FOTO: KNUT ROGER NESDAL.

3.2 Rike og rause livsmiljø

Livet blir levd på mange ulike arenaer. For dei fleste er arbeidsplassen, skulen eller barnehagen ein viktig sosial arena. Nabolaget og nærmiljøet ein anna. Særs mange bruker av tida si til å bidra i frivillige lag og organisasjonar. Summen av dei ulike sosiale miljøa vi er ein del av i kvardagen vår kallar vi «livsmiljø».

For at folk i alle aldrar skal kunne meistre kvardagen sin og delta i samfunnet yter Gloppen kommune ei mengde ulike tenester, men rike og rause livsmiljø er noko vi berre kan skape i lag.

Det handlar om korleis vi som kommune bruker ressursane våre, leverer tenester og prioriterer bruk av arealet vårt, men det handlar like mykje om korleis vi omgås kvarandre og legg til rette for ein rikare kvardag gjennom gode relasjonar og opplevingar. Vi ynskjer at folk skal ha lyst til å flytte hit, og dei skal kjenne at her høyrer dei til.

3.2.1 DETTE SKAL VI GJERE I LAG

- Ta vare på organisasjonsliv og dugnadskultur. Syte for at alle grupper vert inviterte og inkluderte.
- Skape gode møteplassar mellom folk frå ulike nasjonar.
- Kyrkja i Gloppen er aktiv, open og inkluderande.
- Skape lokalsamfunn som styrkar familien og tek omsyn til familiar og einslege sine behov.
- Sikre at alle barn har høve til å delta i fritidsaktivitetar, uavhengig av foreldra si inntekt.
- Styrke og utvikle samarbeidet mellom kommunen og frivillige lag og organisasjonar med fokus på innbyggjarar som treng støtte til å halde fram med å delta i sosiale aktivitetar.
- Fremje større variasjon i bustadmassen med tanke på pris, storleik og eigarform. Det bør vere variasjon innanfor same bustadområde for å fremje sosial utjamning, gjere det enklare å «prøvebu» og for at eldre skal få høve til bli buande lenger i nærmiljøet sitt.
- Nyte, skryte av, dyrke og foredle det breie kultur- og idrettstilbodet vi har i Gloppen. Både det som skjer i nærmiljøa, i Trivselshagen, i regi av lag og organisasjonar, i barnehagane og skulane – som blir utøvd av barn og vaksne, av amatørar og profesjonelle. Skape nettverk og møteplassar mellom dei ulike aktørane.
- Snakke fram dei ulike lokalsamfunna sine kvalitetar, vise fram særpreg, attraksjonar og kulturminne.
- Utvikle nye samarbeidsformer og idear når det gjeld tilrettelegging av naturen, -slik at merkte turstiar, stisykkel- og skiløyper, vegar og parkeringsplassar vil gjere det lett å kome seg på tur i Gloppen òg i framtida.
- Kommunen og utviklingslaga skal utvikle gode samarbeidsformer for å fremje utvikling i grendene.
- Sikre ei heilskapleg utvikling av Sandane sentrum, gjennom samskaping med grunneigarar, og næringar i sentrum og regionale aktørar, både gjennom arbeidet med ny områdereguleringsplan og i oppfølging av denne.
- Framsnakke klimasmart matproduksjon.



GLOPPEN MUSIKKFEST I KARNILS. FOTO: GEIR SKAGEN



GLOPPEN FOLKEBIBLIOTEK. FOTO: ARILD REPPEN

3.2.2 GLOPPEN KOMMUNE SKAL

- Gje alle barn høve til å utnytte potensialet sitt ut i frå sine føresetnader, og styrke fokuset på inkludering i barnehagar og skular.
- Jobbe tverrfagleg for å redusere sosial ulikskap, særleg med tanke på barn og unges oppvekstvilkår.
- Arbeide for eit ope, inkluderande og trygt arbeidsmiljø, som speglar mangfaldet i befolkninga.
- Sikre gode overgangar i heile livsløpet til glopparane.
- Utarbeide ein ny helse- og omsorgsplan, som skal sikre gode og framtidsretta helse- og omsorgstenester til innbyggjarane. Planen skal òg tydeleggjere den einskilde innbyggjar sitt ansvar for eiga helse, og fremje samarbeid med ulike samfunnsaktørar.
- Sikre eit breitt tilbod i kulturskulen, der barn og unge kan utvikle seg i ulike sjangrar.
- Løfte fram og vidareutvikle samspelet mellom Gloppen kulturskule, distriktsmusikarane i Gloppen, Gloppen Folkebibliotek, Firda vgs, festivalane og det frivillige kulturlivet som ein viktig ressurs for kommunen.
- Ta initiativ til og utvikle samarbeidet med næringsliv, utviklingslag og andre lag og organisasjonar på område der vi i lag kan skape ein rikare kvardag for alle i Gloppen.
- Utvikle Gloppen Folkebibliotek som møteplass og verkstad for oppleving og læring i kvardagen, både fysisk og digitalt. Styrkje arbeidet med aktiv formidling av kunnskap og kultur inn mot alle aldersgrupper.
- Sette av areal til uformelle møteplassar i tettstadane våre. Møteplassane skal ha universell utforming, kunne brukast av folk i alle aldrar og tilretteleggast for fleirbruk. Menneske med ulik etnisk bakgrunn og livssyn skal ha gode møteplassar i kommunen.
- Regulere for fortetta bustadbygging i nærleiken av barnehagar og skular.
- Arbeide for samanhengande gang- og sykkeltrasear mellom bustadområde, barnehage, skule og arbeidsplassar gjennom oppfølging av kommunen sin Trafikktryggingssplan og ved å utarbeiding av ein sykkelstrategi.
- Kommunen skal ha ein offensiv bustadpolitikk og til ei kvar tid ligge i forkant med bustadtilbod i heile kommunen. Ha god oversikt over, og i samarbeid med private utbyggarar og utviklingslag, marknadsføre ledige tomter i kommunale og private bustadfelt i heile kommunen.
- Investere i private bustadprosjekt i sentruma av tettstadane våre, utifrå kommunen sine behov for bustader, for å bidra til at dei blir gjennomførte og for å kunne tilby kommunale bustader i fleire av tettstadane våre.
- Planlegge langsiktig og skape føreseielege rammer for dei som vil flytte til og etablere seg i Gloppen.
- Vere pådrivar for eit betre kollektivtilbod i kommunen.



ENGESSET TREHYTTER. FOTO: EDVIN-ANDRE HUGVIK.

3.3 Næring og arbeid

Næringslivet i Gloppen har kundar over store delar av verda. Dei leverer teknologi i verdensklasse og set nasjonal og internasjonal standard innan e-helse.

Delar av næringslivet vil gjere Gloppen til Noregs kompositt-hovudstad, mens ein annan del

levere kortreist mat og drikke av høg kvalitet.

Her er bedrifter leiande i teknologien innan det grønne skiftet, og små nisjebutikkar du ikkje finn andre stadar.

Gloppen er storprodusent og forvaltar av rein fornybar ener-

gi og er i tillegg fylket sin største landbrukskommune.

Dei naturbaserte opplevingane står i kø, og som reisemål har kommunen det som skal til for å syne att på kartet.

Alt dette gjer at det kan vere smart å etablere seg i Gloppen.



DEI TILSETTE I STRUKTURPLAST. FOTO: FRODE LINDVIK.



TINE MEIERI PÅ BYRKJELO. FOTO: EDVIN-ANDRE HUGVIK.



SANDANE HEIMETENESTE. FOTO: SIV K. HAUGEN

PÅLDTUN. FOTO: KATRINE ANITA HEGGELUND.



3.3.1. DETTE SKAL VI GJERE I LAG

- Legge til rette for bruk av ny kommunikasjonsteknologi og ligge forkant av den digitale utviklinga i etablering og utvikling av arbeidsplassar. Teknologien skal opne for samhandling med kollegaer, kundar og marknader i heile verda. Du skal kunne bu i Gloppen og jobbe kvar du vil.
- Saman med resten av Nordfjord jobbe for å behalde flyplassen vår, som er ein viktig føresetnad for vidare utvikling av kultur- og næringslivet i Gloppen og regionen, og som opnar for å bu landleg og jobbe nasjonalt og internasjonalt.
- Jobbe for utbetring av vegar som er viktige for at Gloppen skal vere ein del av eit større og meir dynamisk bu- og arbeidsområde, som E39 på strekninga Byrkjelo-Sandane, fylkesveg 615 og bygging av bru Anda-Lote.
- Utruste skuleelevane med kunnskap om nye teknologiar og digitalisering. Kompetansebygginga må starte tidleg i grunnskulen, og utviklast i eit tett samarbeid mellom skule og lokalt næringsliv.
- Innføre mentorordning for nyetablerarar og gründerar, og skape kultur for å heie fram dei som tek initiativ og som tør å satse.
- Jobbe for å styrke og utvikle Firda videregående skule som er svært viktig for både kommunen og næringslivet i Gloppen. Utnytte potensiale for tilflytting og rekruttering av kompetanse som ligg i både Firda vgs og Nordfjord folkehøgskule.
- Støtte opp om musikk - dans - drama ved Firda videregåan-



EIT AV FORSLAGA TIL BRULØYSING OVER FERJESAMBANDET ANDA-LOTE.

de skule som einaste i fylket, og det viktige samspelet med det profesjonelle musikklivet i kommunen – kulturskulen og distriktsmusikargruppa.

- Utvikle næringspotensialet i kulturlivet i Gloppen, og ta initiativ til nettverksbygging med andre kulturaktørar i regionen.
- Styrke og marknadsføre Gloppen som ein av landets fremste kulturkommunar. Setje Gloppen på kartet gjennom fyrstårnsarrangement.
- Legge til rette for utvikling av småskalaturisme, kortreiste matopplevingar, aktivitetar og kulturtilbod for besøkande. Gloppen skal marknadsføre Nordfjord som aktivitets- og opplevingspark for tilreisande, og bidra med opplevingar som styrker Nordfjord sin profil.
- Sikre verdifulle kulturminne og kulturmiljø for komande generasjonar gjennom opp-

følgning av kulturminneplanen. Det skal leggest større vekt på formidling av kulturminne, i samspel med reiselivsaktørar, privat personar, skule og frivillige lag og organisasjonar. I Gloppen har båtbyggjartradisjonen ein unik historisk verdi som immaterielt kulturminne.

- Utforske og utnytte handlingsrommet som ligg i det «grøne skiftet» og framveksten av nye teknologiar.
- Gjennom prosjektet «Grøn skule» skal barnehagane og skulane i Gloppen ta ei aktiv rolle i det grønne skifte i samarbeid med «Klima og miljø» ved Firda videregående skule og næringslivet. Målet med prosjektet er auka kunnskap om klima og klimasmart matproduksjon hos komande generasjonar.
- Tidleg identifisere behovet for nye område eller lokale for industri og næring, gjennom tett dialog mellom kommune og næringsliv.



FJØSBYGGING PÅ HOLE. FOTO: EDVIN-A. HUGVIK.

3.3.2. GLOPPEN KOMMUNE SKAL

- Gjennomføre kommunestyret sitt vedtak om fiber til alle i Gloppen innan 2020.
- Vere ei drivkraft i samarbeid med næringslivet i å ta i bruk ny kommunikasjonsteknologi.
- Jobbe for at lokale vidaregåande skular på Sandane, Eid, Stryn og Førde tilbyr dei utdanningane vi treng i Gloppen.
- Jobbe aktivt for å rekruttere fleire lokale ungdomar inn i næringar som er store i Gloppen, t.d. kompositt, bygg og anlegg, landbruk og mekaniske fag.
- Vere ein god vertskommune, og legge til rette for utvikling av nye næringar som tilfører kommunen eit større mangfald av spennande, framtidseretta arbeidsplassar.
- Kjempe for å få statlege arbeidsplassar til Nordfjord.
- Halde oppe og utvikle mangfaldet vi har av gode kultur- og idrettsarenaer, og sikre at Trivselshagen Bad og Idrett er ein attraktiv arena for nasjonale og regionale arrangement.
- Utnytte utviklings- og næringspotensiale som ligg i at Byrkjelo blir eit meir sentralt knutepunkt i fylket, og ved E39.
- Sikre framtida gjennom å ta vare på matjord, både gjennom kommunale vedtak og i arbeidet med å påverke statlege avgjersle. Der dyrka jordbruksareal må takast i bruk, skal dette erstattast i form av gjenbruk av matjorda på jordbruksareal i aktiv drift eller ved nydyrking.
- Gjennom ny sentrumsplan sette av areal til framtidseretta næringsutvikling i sentrum av Sandane, i kombinasjon med bustader og nye møteplassar.
- Så langt mogleg handle lokalt og på den måten fremje lokalt næringsliv.







4.0. Veggen vidare

4.1 Viktige føringar for arealdelen

I tråd med plan og bygningslova skal kommuneplanen sin samfunnsdel legge føringar for kommunen sine prioriteringar i arealdelen. I dette kapittelet vil vi derfor samle dei viktigaste føringar for arealdelen, under følgjande tema.

4.1.1 KLIMA, MILJØ OG BEREDSKAP

- Kommuneplanen sin arealdel må ta omsyn til klimaendringane sin verknad på ras- og flaumfare og auka havnivå, slik at framtidige byggeområde er trygge.

Dilemma knytt til vern av matjord og klimaomsyn

Det er utfordrande å balansere punktet om utvikling av infrastruktur opp mot punktet om å sikre framtida gjennom å ta vare på matjord.

4.1.2 INFRASTRUKTUR

- I lag med regionale aktørar vurdere tiltak på E39 på strekninga Byrkjelo-Sandane, fylkesveg 615 og bygging av bru Anda-Lote.
- Arealdelen skal vurdere behov for gang- og sykkelveggar mellom bustadområde og skular/ arbeidsplassar, der dette ikkje alt er planlagt.
- Vurdere arealbehov i samband med tilrettelegging for friluftsliv, som t.d. parkeringsplassar og veg til stølane i kommunen.

For Gloppen sin del vil ein t.d. for E39 klare seg med vesentleg lågare vegstandard, som i langt mindre grad vil legge beslag på god og produktiv dyrka mark, enn det som storsamfunnet gjennom bestilling til Statens vegvesen legg opp til.

Det er også eit paradoks at ein planlegg større bu- og arbeidsmarknadsregionar, og planlegg ut frå at trafikken skal auke jamt i komande år, medan det grøne skiftet og teknologi/sykkelfokusset i denne planen bør innebære redusert eller i alle fall minimal trafikkauke.

Kommuneplanen sin samfunnsdel legg føringar for prioriteringar i arealdelen, jamfør plan- og bygningslova, §11-5: "Kommunen skal ha ein arealplan for heile kommunen som viser samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk."



FRAMTIDSSKISSE PARALLELOPPDRAG. ILLUSTRASJON: HAUGEN ZOHAR / ASPLAN VIAK

4.1.3 TETTSTADUTVIKLING

- Statlege planretningslinjer gir sterke føringar til kommunen om å utvikle kompakte tettstader som reduserer transportbehov og legg til rette for klima- og miljøvennlege transportformer. I tettstadane i kommunen skal det leggest til rette for fortetta bustadutvikling, høg arealutnytting og transformasjon.
- Tettstadane våre skal utviklast på gåande og syklande sine premisser. Dette stiller krav til gode trafikale løysingar gjennom sentrum, og at det vert jobba for gang og sykkelveg inn til tettstadane.
- Gloppen kommune skal ha hovudfokus på å utvikle Fjordlandsbyen Sandane, i lag med lokalt næringsliv, grunneigarar og offentlege aktørar. Fjordlandsbyen skal utviklast på mjuke trafikantar sine premisser, og

med fokus på den unike koplinga mot fjorden. Det pågår eit arbeid med ny område-reguleringsplan for Sandane.

- Sette av areal til uformelle møteplassar i tettstadane våre. Møteplassane skal ha universell utforming, kunne brukast av folk i alle aldrar og tilretteleggast for fleirbruk.
- Gloppen kommune skal i planlagt rullering av arealdelen vurdere behovet for areal til bustad og næring i tettstadane våre.

4.1.4. BUSTAD- OG HYTTE-UTVIKLING

- Arealdelen skal fremje ei bustadutvikling i tråd med vedteken BPHP.
- Revurdere hytteområde avsett i gjeldande arealplan, og status for stølsområda.

4.1.5. NÆRINGSAREAL

- Gloppen kommune skal i arealdelen vurdere behovet for nye næringsareal i kommunen generelt, og i tilknytning til Byrkjelo og ny trase for E39 spesielt.

4.1.6. KULTURMINNER

- Verdifulle kulturminne omtalt i kulturminneplanen skal merkast med omsynssone i arealdelen.

4.1.7. GRAVPLASSAR

- Dagens gravplassar skal oppretthaldast som verdifulle gravplassar og sikrast nødvendig areal til bruk og drift.



4.2 Kommuneplanen sin handlingsdel

Kommuneplanens samfunnsdel er retningsgivende for ønska utvikling i kommunen, både når det gjeld samfunnsutvikling, forvaltning og tenestelevering. Der arealdelen er juridisk bindande, er samfunnsdelen politisk forpliktande. For at samfunnsdelen skal fungere som eit politisk styringsdokument, må den gje føringar for både arealdel, kommunedelplanar og økonomiplanen.

Kommuneplanens samfunnsdel er retningsgivende for ønska utvikling i kommunen, både når det gjeld samfunnsutvikling, forvaltning og tenestelevering. Der arealdelen er juridisk bindande, er samfunnsdelen politisk forpliktande. For at samfunnsdelen skal fungere som

eit politisk styringsdokument, må den gje føringar for både arealdel, kommunedelplanar og økonomiplanen. Økonomiplanen er kommuneplanen sin handlingsdel på mellomlang sikt og årsbudsjettet på kort sikt. Økonomiplanen skal derfor vise korleis satsingane i kommuneplanen er handtert. Kor raskt og i kva grad kommunen kan oppfylle målsettingane i kommuneplanen, er naturlegvis langt på veg avhengig av kommunen sin økonomi. I stor grad er det sentrale styresmakter som set rammene for det kommunale handlingsrommet, både ved å pålegge oss oppgåver og ved å avgrense inntektene. Dagens system gjev dessverre kommunane lite føreseielege rammer.

Det er viktig at kommunen heile tida legg vekt på rasjonell drift og organiserer seg slik at vi kan handtere dei oppgåvene og utfordringane vi vil møte. Sjølv om rammevilkåra for kommunane i alle fall til ei viss grad, er avhengig av samansetninga på Stortinget, er det i dag ikkje signal som seier at kommuneøkonomien blir romslegare i åra som kjem. Vi må difor sjølve arbeide for å skaffe oss handlingsrom både for å kunne gjennomføre tiltaka i kommuneplanen og for å møte dei utfordringane vi ikkje har styring med. Ei stor utfordring for kommuneøkonomien, ikkje berre for Gloppen, blir auken i talet på eldre.



FOTO: RONNY SOLHEIM

4.2.1. KOMMUNEDELPLANAR OG TEMAPLANAR

Kommunen har dei siste 5 åra opplevd ei positiv utvikling både i offentleg, privat og frivillig sektor, og opplever ein positiv vekst i folketalet.

I gjeldande kommunestyreperiode har kommunen difor hatt eit sterkare fokus på å forankre arbeidet gjennom eit tettare samarbeid med det private næringsliv og frivillige lag og organisasjonar.

Samfunnsdelen legg viktige føringar for revisjon av vedtekne planar og utarbeiding av nye kommunedelplanar. Desse inneheld viktige føringar for utvikling av kommunen både på lang sikt og for den komande fireårsperioden. Her finn de meir konkrete handlingsdelar og plassering av ansvaret for oppfølging.



NYLEG VEDEKNE KOMMUNEDELPLANAR:

- Bustadpolitisk handlingsplan 2017 - 2025
- Barnehage- og skulebruksplan 2017 - 2030
- Trafikktryggingsplan 2017 - 2024 (Temaplan som bygger på gjeldande kommunedelplan)
- Plan for samordning av tenester til barn og unge

KOMMUNEDELPLANAR UNDER UTARBEIDING / TIL REVIDERING:

- ROS-analyse og Beredskapsplan
- Helse- og omsorgsplan 2018 - 2030
- Kulturminneplan 2018 - 2028
- Plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2018 - 2021
- Arbeidsgjevarstrategi

Med bakgrunn i strategiane og satsingane i samfunnsdelen, er det behov for å tydeleggjere ein handlingsdel og plassere ansvar gjennom å vurdere behov for revidering av gamle planar og utarbeiding av nye kommunedelplanar for følgjande område:

- » Næringsplan – skal ta utgangspunkt i føringar for næringsutvikling i samfunnsdelen, inklusiv reiselivssatsing.
- » Klima- og miljøplan – løfter fram våre største utfordringar og korleis vi kan løyse dei.
- » Veg, vann og avløp – rullere eksisterande plan med vekt på handtering av overflatevatn.
- » Oppvekstplan – med fokus på kvalitet og utvikling i barnehagar og skular.
- » Kulturplan – skal tydeleggjere våre viktigaste satsingar og korleis vi skal utvikle dette i lag med våre samarbeidspartar innan kulturfeltet.



GLOPPEN KOMMUNE

Adresse
Grandavegen 9, 6823 Sandane

Organisasjonsnummer
964 969 124

Nettside
www.gloppen.kommune.no

Telefon
57 88 38 00

N
J
O
R
D
F

